

Magne Huglen har i det siste opplevd at stengsel og gjerde vert fjerna og vil påpeike det ansvar som turgåarar har for å lukka grindar og ikkje riva ned gjerder når dei nytter utmark eller ferdast på turstiar i bygda.

Han er svært glad for at bygdefolk og andre nyttar 'Allemannsretten' til turar og friluftsliv i den flotte naturen vår. Det gjeld både strandsona, elva, utmark og fjellområda. Men då er det viktig at ein fylgjer dei reglar som gjeld for denne retten og mellom anna tek omsyn til beitande dyr. Grinder, gjerder og generelt stengsel som skal halda beitande dyr på plass må lukkast etter passering.

- Kva erfaring er gjort i den seinare tid?
- Me nyttar Halsane og Halsatoppen til beite. Me har hatt hestar gåande der i sommar. Desse har no vore bortge nokre veker, men då me skulle sleppa dyr på beite onsdag var stengselet over Fjellvegen nede i Halsane fjerna. Det var 2 tau som fint kunne passerast utan fjerning.

I tillegg var gjerdet på toppen av Halsane reve opp i fleire meters lengd. Også dette kan lett opnast og takast til side for passering. No vil det bli sleppt 4-5 hestar å beite der og det er viktig at stengsla er på plass, understrekar Huglen.

Han voinar at alle som nyttar denne fjellvegen respekterer reglane, eventuelt lukkar att etter andre som 'gløymer' å lukka etter seg. Som grunneigarar har dei ikkje høve til å kontrollere dette dagleg. Kjem dyra ut, er det trasig også for dei som får vitjing i hagane sine og for dei som må samla dei inn att.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen